



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Alver kommune, gbnr. 325/161, 167 mfl. Reguleringsplan for Fossesjøen. Statsforvaltaren har gjort ny vurdering av saka.

Vi viser til vårt vedtak datert 14.03.2023, sak 2022/15143, der vi har stadfesta Alver kommunestyre sitt vedtak datert 19.05.2022, sak 20/160, saksnummer 067/22, der detaljreguleringsplanen for Fossesjøen gbnr. 325/161, 167 mfl. vart godkjent.

Vi har no gjort ei ny vurdering av saka, som varsla i brev datert 10.07.2023.

Avgjerd

Statsforvaltaren i Vestland har vurdert saka på nytt. Vi gjer ikkje om vårt vedtak, og står fast ved vedtak datert 14.03.2023, sak 2022/15143, der vi har stadfesta Alver kommune si godkjenning av reguleringsplanen for Fossesjøen.

Saka si bakgrunn

Vi stadfesta reguleringsplanen for Fossesjøen den 14.03.2023. Delar av saka gjeld klage på manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i planområdet og manglande vurdering av prinsippa i naturmangfaldslova kap. II, §§ 8-12, jf. § 7, sjå s. 5 flg. i vårt vedtak.

Forum for natur og friluftsliv Hordaland (FNF) ved Gunvar Mikkelsen, varsla at det vil bli sendt inn eit krav om omgjerung av saka, jf. forvaltningslova § 35. Kravet er varsla som følgje av dei vurderingane som er gjort i andre saker som kan påverke naturmangfaldet, handsama av Statsforvaltaren og Sivilombodet.¹

Klagegrunnane til FNF gjaldt manglande kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfaldet i planområdet og manglande vurdering av prinsippa i naturmangfaldslova. Det er hevda at ein veit lite, eller ingenting, om artar eller naturtypar i området og at føringane om eit oppdatert og forsvarleg kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldslova § 8 ikkje var stetta. Krava i naturmangfaldslova §§ 9-12 var difor ikkje mogeleg å innfri, då kommunen og Statsforvaltaren gjorde sine vedtak.

¹ Vår sak 2023/758 Reguleringsplan for Kokstaddalen, oppheva og Sivilombodet si sak 2022/3102 (vår sak 2021/4097).



Etter dette varsla vi i brev datert 10.07.2023, at vi på eige initiativ ville sjå på saka på nytt, jf. forvaltningslova § 35.

Alver kommune kommenterte varselet i brev datert 24.08.2023. Det går fram av brevet at «Kjeldene som vart nytta for vurderinga av naturmangfaldet kjem fram gjennom plandokumenta. Vidare er det ikkje kjent at det er utarbeidd nye kjelder knytt til naturmangfald for denne reguleringsplanen frå Alver kommune eller tiltakshavar si side etter vedtakstidspunktet.» Vi oppfattar med dette at kommunen held fast ved at planvedtaket var forsvarleg opplyst, at vedtaket bygde på dei mest oppdaterte kjeldene som låg føre, og at det ikkje er behov for ytterlegare kartleggingar for å sikre avgjerdsgrunnlaget.

FNF ved Gunvar Mikkelsen har kome med innspel til vurderinga (bedt om ny vurdering) og sendt inn tilleggsinformasjon i saka.

Regelverk

Etter forvaltningslova § 35 kan Statsforvaltaren gjere om eige vedtak dersom endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser. Statsforvaltaren kan og gjere om dersom melding om vedtaket ikkje har kome fram til vedkommande, og vedtaket heller ikkje er kunngjort offentleg, eller dersom vedtaket er ugyldig.

Avslag på krav om omgjerding eller ny vurdering vert ikkje rekna som enkeltvedtak, og kan derfor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI.

Naturmangfaldslova

Føremålet med naturmangfaldslova er at «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur», jf. § 1.

I naturmangfaldslova §§ 8-12 er det vist til ei rekke miljøomsyn og -prinsipp som det skal takast omsyn til ved offentlege avgjerder:

- § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for avgjerdene
- § 9 stiller opp eit «føre-var-prinsipp»
- § 10 seier at påverknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå den «samlede belastningen» systemet er eller vil bli utsett for
- § 11 bestemmer at tiltakshavar skal bere kostnadane ved å hindre eller avgrense naturskadane ved tiltaket
- § 12 krev at ein strevar etter å unngå eller avgrense skadane på naturmangfaldet gjennom val av driftsmetode, teknikk og lokalisering

Det følger av naturmangfaldslova § 7 første punktum at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av den offentlege styringa. I andre punktum heiter det vidare at «vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen». Vidare er det tidlegare uttalt at «jo mer og verdifullt naturmangfold som berøres, desto grundigere må saken vurderes etter loven».²

Nærare rettleiing og retningslinjer til naturmangfaldslova kap. II er mellom anna gitt i rundskriv T-1554 (2016) frå Klima- og miljødepartementet.

² Se daværende Miljøverndepartementets uttale datert 06.10.2011 i Planjuss 1/2012 side 4, <https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kdd/nyhetsbrev-fracmd/planjuss/planjuss-12012/id669326/>



Statsforvaltaren si vurdering

Prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12 gjeld i plansaker, jf. at dei skal leggjast til grunn ved utøving av myndigheit, der den endelege avveginga skal gå fram av avgjerdsgrunnlaget, jf. § 7. Vi viser til at naturmangfaldslova stiller strenge krav til saksførebuing, dokumentasjon, vurderingar og vektlegging i alle vedtak som råkar naturmangfaldet.

Statsforvaltaren har plikt til å sjå til at saka er tilstrekkeleg utgreia på vedtakstidspunktet i klagesaka, jf. forvaltningslova § 33 femte ledd, jf. § 17 første ledd. Dette omfattar også at vi skal sjå til at kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfald er tilstrekkeleg og at prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 til 12 er tilstrekkeleg vurderte. Kravet til kunnskapsgrunnlag er som vanleg forsvarleg saksopplysning, jf. forvaltningslova § 17. Naturmangfaldlova gjer ikkje noko unntak frå dette, men skjerpar til dels kravet gjennom §§ 8-12.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ikkje berre vere representert i saka si opplysning, men har også betydning for avgjerdsgrunnlaget og for den avveginga som skal gjerast når kommunen kjem til ei avgjerd.³ Prinsippa er ikkje sjølvstendige avgjerdsheimlar, men skal leggjast til grunn som del av skjønnet etter det relevante lovverket, slik som ved avgjerda om ein reguleringsplan skal vedtakast etter plan- og bygningslova kap. 12. Det skal gå fram av vedtaket til kommunen at dei aktuelle prinsippa i naturmangfaldlova er vurderte og kva vekt dei skal ha.

Vi har i vårt vedtak datert 14.03.2023 konkludert med at krava i naturmangfaldslova §§ 7-12 er stetta i Alver kommune sitt planvedtak. I vedtaket vårt la vi til grunn at kunnskapsgrunnlaget var forsvarleg oppdatert, jf. naturmangfaldslova § 8, i og ved den overordna kartlegginga frå kommuneplanprosessen, og som ikkje hadde avdekt behov for nærare kartlegging området. Vi la også vekt på at det ikkje var høyringsinstansar som peika på dette i planprosessen.

FNF har sendt inn sine oppsummerte innspel i saka den 31.08.2023 og 22.09.2023.⁴ Det er vist til at det no er gjennomført synfaring⁵ i planområdet, som avdekka at planområdet inneheld ulike naturkvalitetar. Det er funne minst ei (sterkt) truga art, asketre, sør i planområdet. I same område vart det funne svært gamle lauvtre, villeple, grønfinke, spor etter hønehauk og spor etter hjort og stiar (heile planområde). I tillegg er det registrert fleire svært gamle tre i området, som burde vore markert/tatt vare på i planen. Det er ikkje funne raudlista artar av mose og lauv i planområdet (sør).

Vidare er det vist til Sivilombodet sine nye uttalar som gjeld naturmangfaldslova. FNF viser til sak om Nye Veavågen skule,⁶ som er relevant for saker det det kjem til ny kunnskap etter at planen er vedtatt, og til reguleringsplanen som gjeld Kolltveit – Ågotnes.⁷

Opplysningane som FNF har vist til vil ikkje nødvendigvis stoppe planen, men det viser at kunnskapsgrunnlaget var mangelfullt og ikkje tilstrekkeleg oppdatert då planen vart godkjent. Nye funn viser at planområdet er interessant og har stort artsmangfald, som burde vore kartlagt betre. Vi har no sett nærmare på vår vurdering og avgjerd i saka.

³ Sjå SOM-2018-1219, uttale datert 28.08.2018, med vidare tilvisingar.

⁴ Sjå også e-post datert 27.04.2023, 30.05.2023, 06.06.2023 og 08.09.2023.

⁵ Synfaring den 27.04.2023 og synfaring saman med Biofokus den 08.09.2023 (kort).

⁶ Sivilombodet si sak 2022/5453, datert 06.06.2023.

⁷ Sivilombodet si sak 2022//3102, datert 31.05.2023, vår sak 2021/4097.



Det følger av naturmangfaldslova § 8, jf. «*sakens karakter*,» at kunnskapsgrunnlaget skal vere oppdatert og tilpassa plantypen. Der det manglar kunnskapsgrunnlag, eller kunnskapsgrunnlaget berre finst på eit overordna nivå, må det gjerast ei vurdering av om det er behov for tilleggsutgreiingar eller ny stadleg kartlegging i samband med utarbeiding av planen. Hovudregelen er likevel at § 8 ikkje stiller krav om innhenting av ny kunnskap, men at dette kan krevjast unntaksvis ut frå sakstypen, omfanget og potensielle verknader m.m.⁸

Vi viser til kommunen sitt grunnlag for vurderinga av kunnskapsgrunnlaget til planen, som er gitt att i vårt vedtak s. 5. flg. I hovudsak har kommunen vist til gjeldande kommuneplan, og dei undersøkingane som vart gjort i samband med utarbeiding av den. Det er mellom anna utarbeida eit temakart for tidlegare Meland kommune, i samband med rulleringa av kommuneplanen i perioden 2011-2012. Kommunen har lagt til grunn at det ikkje er gjort «*registreringar av betydning i planområdet*» og at konsekvensane for naturmangfaldet i planområdet difor var låge.

Spørsmålet er om dette gir eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag i dag, eller om det skulle vore gjort nye undersøkingar/kartleggingar og innhenta nytt og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Etter ein ny gjennomgang av saka, sett i lys av opplysningane frå FNF og seinare avgjerder hjå oss og Sivilombodet, ser vi at vi skulle gjort ei grundigare vurdering av kriteria i naturmangfaldsrettleiaren pkt. 6.6.1 om når det er nødvendig å innhente ny kunnskap. Dette er ein feil i vår sakshandsaming etter naturmangfaldslova § 7, jf. § 8. Vidare er mogelege manglar ved kunnskapsgrunnlaget ein sakshandsamingsfeil, som kan ha medført at plansaka ikkje vart tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17.

Når det ligg føre manglar ved saksopplysninga, slik som i denne saka, kan vedtaket likevel vere gyldig dersom det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha verka inn på resultatet, jf. prinsippa i forvaltningslova § 41.

FNF har etter at planen vart godkjent i kommunen, gjort egne undersøkingar i planområdet. Gjennom undersøkingane er det blitt stadfesta at planområdet er interessant og har eit stort artsmangfald. Desse tilleggskartleggingane har likevel, etter vår vurdering, ikkje fanga opp ytterlegare funn av naturtypar eller raudlista artar, som ville ha påverka avveginga etter naturmangfaldslova § 7, og dermed heller ikkje resultatet i klagesaka.

Vidare har vi lagt fram nokon av opplysningane vi har motteke til vår eiga miljøavdeling, spesielt knytt til mogeleg førekomst av hønsenhauk (sårbar) i planområdet. Det er opplyst om at det er «*ein del kilometer*» frå planområdet på Fossesjøen til nærmaste kjente hekkeplass for hønsenhauk. Dette er ikkje einstyddande med at det *ikkje* kan vere hønsenhauk i området, men at dette er lite truleg grunna at det er så nær busetnad. Hønsenhauken har store leveområde, ofte fleire titals kvadratkilometer. Enkeltvise observasjonar av hønsenhauk er difor svake haldepunkt for å kunne seie at det er sannsynleg at hauken hekkar akkurat i dette området.

Det er også kort kommentert at observasjonane av grønfinke og ask er 'mindre interessant'. Artane er raudlista på grunn av bestandsnedgang, men begge er framleis svært vanlege og truga av heilt andre årsaker enn arealendringar.

Det er etter vår vurdering ikkje kome fram noko i ettertid av planvedtaket, som indikerer at ny og oppdatert kartlegging før planvedtaket, ville ha påverka avvegingane som er gjort eller resultatet i

⁸ Sjå naturmangfaldsrettleiaren kap.2, jf. pkt. 5.5.2. s. 24-25, pkt. 6.5. og 6.6.1. [Naturmangfoldloven kapittel II - regjeringen.no](http://naturmangfoldloven.kapittel.ii-regjeringen.no)



saka. Vedtaket vårt er difor gyldig trass i feilen, jf. forvaltningslova § 34, jf. § 41. På bakgrunn av dette er det ikkje grunnlag for å ta klagesaka opp til ny fullstendig handsaming herifrå.

Vi ønskjer til slutt å peike på viktigheita av at naturmangfaldet og naturmangfaldslova sine føresegner skal takast omsyn til og leggst til grunn ved utøving av myndigheit, både i kommunen og hjå Statsforvaltaren. Desse prinsippa er sterkt understreka og utgreidde i Sivilombodet sine nyaste fråsegner, som vist til ovanfor.

Avslutningsvis viser vi til at Alver kommune også i framtida bør vere merksam på behovet for oppdatert kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldslova når dette er nødvendig, og at kommunen må vurdere behovet for oppdatert kunnskapsgrunnlag frå sak til sak.⁹

Oppsummering

Vi har vurdert saka på nytt, men kan ikkje sjå at det er grunnlag for eit anna resultat i saka. Statsforvaltaren har difor valt å ikkje gjere om vedtaket. Vi opprettheld vårt vedtak i saka.

Ei avgjerd om å ikkje gjere om eit vedtak er ikkje eit enkeltvedtak. Det er difor ikkje klagerett på denne avgjerda, jf. forvaltningslova §§ 28, jf. 2 første ledd bokstav b.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VEST-LAND-EIENDOM AS
ARD AREALPLAN AS

Nøstegaten 56
Damsgårdsveien 135

5011
5160

BERGEN
LAKSEVÅG

Mottakerliste:

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Alver kommune

Tverrgaten 4 **5017** **BERGEN**
Postboks 4 **5906** **FREKHAUG**

⁹ Sjå kriteria i naturmangfaldsrettliaren pkt. 6.6.1. flg.